



Saksframlegg

Dato	Referanse	Saksbehandlar
17.02.2026	25/28678	Gro Kosberg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kompetanse- og næringsutvalet	
22/26	Samferdselsutvalet	25.03.2026
19/26	Kultur- og folkehelseutvalet	25.03.2026
	Fylkesutvalet	
	Fylkestinget	

Rekneskap med resultatvurdering og årsmelding for 2025

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune sin rekneskap samt årsmelding for 2025 blir vedtatt slik det går fram av saka med vedlegg, med dei merknader som går fram av revisjonsmelding for 2025 frå Møre og Romsdal Revisjon AS.

2. Driftsbudsjettet for 2026 blir endra slik:

	Beløp
Auka driftsrammer 2026 (jf. tabell 3)	96 887 000
Reduserte driftsrammer 2026 (jf. tabell 4)	- 1 770 000
Bruk av sentralt disposisjonsfond	95 117 000

3. Driftsrammene i åra 2027-2029 vert styrka i Økonomiplan 2027-2030 med til saman netto 36,016 mill. kroner (styrking med 39,704 mill. kroner - trekk av 3,688 mill. kroner), sjå tabell 3 og tabell 4.

4. Fylkestingsramme "Fellesutgifter og fellesinntekter" vert styrka med 2,325 mill. kroner i år 2032 i Økonomiplan 2029-2032. Dette er knytt til forsinka framdrift i arkivprosjektet.

5. Investeringsbudsjettet for 2026 blir endra slik:

	Beløp
Rebudsjetterte investeringsprosjekt 2026 (jf. tabell 7)	146 170 000
Nye/reduerte løyvingar 2026 (jf. tabell 7)	-9 872 000
Sal av aksjar Tjeldbergodden Utvikling AS	-499 911

I alt auka investeringar	135 798 089
---------------------------------	--------------------

	Beløp
Bruk av lån allereie tatt opp	105 268 842
Enova støtte til tilpassing miljøferjekaier	299 666
Tilskot frå Sunndal kommune til Tredalsbrua	2 600 000
Bompengar Bypakke Ålesund	8 377 000
Mva. kompensasjon	19 752 492
Avsette til ubundne investeringsfond	-499 911
I alt finansiert	135 798 089

6. Investeringsrammene i 2027 vert styrka i Økonomiplan 2027-2030 med til saman 41,440 mill. kroner, sjå tabell 7.

Samandrag

Møre og Romsdal fylkeskommune har eit netto driftsresultat korrigert for bundne fond på om lag 579,6 mill. kroner i 2025. Dette utgjer 6,7 prosent av brutto driftsinntekt.

Fylkeskommunedirektøren foreslår å auke driftsrammene med netto 95,117 mill. kroner i 2026 (styrking med 96,887 mill. kroner - trekk av 1,770 mill. kroner). Dette medfører ein foreslått reduksjon av sentralt disposisjonsfond med 95,117 mill. kroner. Per 31.12.25 var samla disposisjonsfond på om lag 755,8 mill. kroner, dvs. 8,7 prosent av brutto driftsinntekter.

Fylkeskommunedirektøren forslår også å auke rammene i åra 2027-2029 med til saman netto 36,016 mill. kroner (styrking med 39,704 mill. kroner - trekk av 3,688 mill. kroner). Dette medfører ein foreslått reduksjon av sentralt disposisjonsfond med 36,016 mill. kroner i åra 2027-2029. Totalt foreslått bruk av disposisjonsfond i denne saka utgjer 131,133 mill. kroner (95,117 mill. kroner +36,016 mill. kroner). Det vart avsett netto om lag 186,8 mill. kroner meir til disposisjonsfond enn budsjettert i 2025.

Investeringsrekneskapen for 2025 viser brutto investeringsutgifter på om lag 1,222 mrd. kroner. Dette er om lag 147 mill. kroner lågare enn budsjettert.

I sak PS- 68/24 «Økonomiplan med handlingsprogram 2025 - 2028 med budsjett for 2025» er det lagt til grunn følgande målsettingar for Møre og Romsdal fylkeskommune i 2025:

- Korrigert netto driftsresultat: målsetting om 3,5 prosent - faktisk resultat 6,7 prosent
- Disposisjonsfond: målsetting om 10 prosent - faktisk resultat 8,7 prosent
- Korrigert gjeldsgrad: målsetting maksimalt 105 prosent, med eit langsiktig mål om å kome ned på 90 prosent - faktisk resultat 93 prosent

Bakgrunn

Kven har vedtakskompetanse i saka?

Jf. kommuneloven § 14-2 skal fylkestinget vedta årsrekneskap og årsmelding.

I samsvar med økonomireglementet for Møre og Romsdal fylkeskommune vil denne saka innehalde følgjande:

- Oversikt over fylkeskommunen sitt økonomiske resultat for året 2025, jf. kap. 1
- Omtale av fylkeskommunen sine prinsipp for økonomistyring fastsett gjennom økonomireglementet, jf. kap. 2
- Gjennomgang av økonomiske og produksjonsmessige resultat for den enkelte sektor og verksemd. Tilråding når det gjeld krav om inndekking av meirforbruk og tilbakeføring av mindreforbruk, jf. kap. 3 og 4

Driftsresultatet blir regulert mot det sentrale disposisjonsfondet i samband med rekneskapsavslutninga, jf. § 4-3 i «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommuner og fylkeskommuner mv. fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 07.06.2019, gjeldande frå 01.01.2020».

Ved resultatvurderinga må evt. tilbakeføringar av mindreforbruk og trekk av meirforbruk regulerast mot disposisjonsfondet.

Dette saksframlegget må sjåast i samanheng med årsrapporten. [Årsrapport 2025](#) inneheld årsrekneskap, årsmelding, finansrapport, oppfølging av langsiktige utviklingsmål samt omtale av tenesteområda.

I år, som i fjor, ligg klimarekneskapen som ein del av årsrapporten i Framsikt. Nytt av året er ein statistikkpublikasjon, [Grøn status](#), som rapporterer på måleindikatorane i Fylkesstrategi for miljø, klima, og energi 2023-2026.

Vedlagt denne saka følger rapport over "Kvalitetsarbeid, internkontroll og revisjon for 2025".

Tilråding frå medverknadsorgan

Saka er ikkje behandla i medverknadsorgana.

Vurdering

1.FYLKESKOMMUNEN SITT ØKONOMISKE RESULTAT FOR 2025

Årsrapport som inkluderer årsrekneskap for 2025 er utarbeidd på digitalt format.

Revisjonsmeldinga og kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen vil bli handsama i kontrollutvalet 1. april 2026. Saksframlegg til kontrollutvalet med revisjonsmeldingar er lagt ved denne saka.

1.1 Driftsrekneskapen - netto driftsresultat

Møre og Romsdal fylkeskommune har eit netto driftsresultat korrigert for bundne fond på om lag 579,6 mill. kroner i 2025. Dette er ein auke på om lag 196,7 mill. kroner samanlikna med budsjettet for 2025. Netto driftsresultat korrigert for bundne fond i prosent av brutto driftsinntekter er på 6,7 prosent, som er 2,2 prosentpoeng høgare enn budsjettert. Fylkestinget si målsetning er på 3,5 prosent og anbefalt netto driftsresultat satt av Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) er på 4 prosent.

Tabell 1: Økonomisk oversikt drift

Driftsresultat inkl. disponeringar (i 1000 kroner)	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik	Rekneskap 2024
Rammetilskot	4 598 530	4 665 096	-66 566	4 160 847
Inntekts- og formuesskatt	2 100 610	2 049 126	51 484	1 884 484
Andre generelle driftsinntekter	64 915	65 164	-249	124 335
Andre inntekter (m.a. øyremerka statlege overføringar)	1 914 486	1 707 080	207 406	1 827 010
Sum driftsinntekter	8 678 541	8 486 466	192 075	7 996 676
Korrigert sum løyvingar drift, netto	5 483 066	5 715 068	232 002	5 450 133
Avskrivningar	681 639	660 000	-21 639	626 300
Andre utgifter (til øyremerka tiltak)	1 922 312	1 707 080	-215 231	1 835 575
Sum driftsutgifter	8 087 017	8 082 149	-4 868	7 912 008
Brutto driftsresultat	591 524	404 318	187 207	84 668
Renteinntekter	131 018	125 800	5 218	135 590
Utbytte	2 524	2 500	24	3 750
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	14 643	0	14 643	18 558
Renteutgifter	394 844	393 500	-1 344	-396 063
Avdrag på lån	412 624	412 624	0	-384 694
Netto finansutgifter	659 283	677 824	18 541	-622 859
Motpost avskrivningar	-681 639	-660 000	21 639	626 300
Netto driftsresultat	613 880	386 493	227 387	88 108
Overføring til investering	-286 879	-277 000	-9 879	-315 445
Avsetningar til bundne driftsfond	-433 638	-197 509	-236 129	-372 155
Bruk av bundne driftsfond	399 399	193 961	205 438	335 534
Avsetningar til disposisjonsfond	-292 762	-201 357	-91 405	-86 225
Bruk av disposisjonsfond	0	95 411	-95 411	350 183
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-613 880	-386 493	-227 387	-88 108
Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond	-34 239	-3 548	-30 691	-36 621
Korrigert netto driftsresultat	579 641	382 946	196 696	51 487
Korrigert netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	6,7 %	4,5 %	2,2 %	0,6 %

Avvik mellom rekneskap og budsjett i 2025 på om lag 196,7 mill. kroner skuldast i hovudsak følgande:

- Fylkeskommunen fekk om lag 66,6 mill. kroner mindre enn budsjettert i rammetilskot, gjeld skatteutjamning, jf. kap. 1.4
- Fylkeskommunen fekk om lag 51,5 mill. kroner meir enn budsjettert i skatteinntekter, jf. kap. 1.4
- Fylkeskommunen fekk om lag 249 000 kroner mindre i andre generelle driftsinntekter enn budsjettert, (inntekter frå Havbruksfond, rentekompensasjon og naturressursskatt) jf. kap. 1.4
- Netto finansutgifter vart om lag 18,5 mill. kroner lågare enn budsjettert, jf. kap. 1.5

- Sum løyvingar drift, netto, jf. tabell 2:
 - Rammeområda har eit samla mindreforbruk på om lag 191,4 mill. kroner
 - Det vart overført om lag 9,9 mill. kroner meir til investeringsrekneskapen enn det som var budsjettert på rammeområda
 - Det vart netto avsett om lag 30,7 mill. kroner meir til bundne fond enn det som var budsjettert på rammeområda

Det var budsjettert med avsetting til disposisjonsfond på om lag 201,4 mill. kroner, medan det vart avsett om lag 292,8 mill. kroner. Det var budsjettert med bruk av disposisjonsfond på om lag 95,4 mill. kroner, medan det ikkje vart brukt noko. Dette betyr at det vart avsett netto om lag 186,8 mill. kroner meir til disposisjonsfondet enn budsjettert i 2025.

Tabell 1 viser at posten “Overføring til investering” var på om lag 286,9 mill. kroner. Denne summen består i hovudsak av rammetilskot (driftsinntekter) mottatt for å finansiere ras- og tunnelsikringsprosjekt (277 mill. kroner). Dette er m.a.o. midlar som skal overførast til investering, men gitt som driftsinntekter. Dette gjer vi under posten “Overføring til investering”. Det vil seie at netto driftsresultat minimum bør vere lik posten “Overføring til investering” (286,9 mill. kroner), og sidan netto driftsresultatet er betydeleg høgare (579,6 mill. kroner), så betyr dette at fylkeskommunen kan sette av om lag 292,8 mill. kroner til disposisjonsfondet i 2025.

Fylkeskommunedirektøren foreslår å auke driftsrammene med netto 95,117 mill. kroner i 2026 (styrking med 96,887 mill. kroner - trekk av 1,770 mill. kroner).

Fylkeskommunedirektøren forslår også å auke rammene i åra 2027-2029 med netto 36,016 mill. kroner (styrking med 39,704 mill. kroner - trekk av 3,688 mill. kroner).

Tabell 2 nedanfor viser resultatet på dei ulike fylkestingsrammene målt mot budsjett.

Tabell 2: Sum løyvingar drift, netto

Fylkestingsrammer (i 1000 kroner)	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik kroner
Fellesutgifter og fellesinntekter	45 798	66 307	20 509
Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjoner	145 806	149 406	3 600
Bygg- og eigedomstenester	143 757	148 514	4 757
Kompetanse- og næringsområdet	1 959 464	2 023 520	64 056
Fagskolen Møre og Romsdal	27 627	38 721	11 095
Tannhelseområdet	232 628	246 585	13 956
Kulturområdet	151 549	165 466	13 917
Samferdselsområdet	2 803 372	2 850 567	47 195
Politikk og kontrollorgan	41 361	47 380	6 019
Lønnsreserve og pensjon	-24 178	-17 849	6 329
Sum netto løyvingar drift på rammeområda	5 527 185	5 718 616	191 432
Overføring til investering frå rammeområder	-9 879	0	9 879
Avsetting til bundne fond rammeområder	-433 638	-197 509	236 129
Bruk av bundne fond rammeområder	399 399	193 961	-205 438
Korrigert sum løyvingar drift, netto	5 483 066	5 715 068	232 002

Sum netto løyvingar drift på rammeområda viser eit netto mindreforbruk på om lag 191,4 mill. kroner. Dei største mindreforbruka gjeld fylkestingsrammene "Kompetanse og næringsområdet og "Samferdselsområdet", som viser mindreforbruk på hhv. om lag 64 mill. kroner og 47 mill. kroner i 2025. For meir detaljar om rammeområda, sjå kap. 3 samt i årsrapporten under dei enkelte tenesteområda.

1.2 Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen for 2025 viser brutto investeringsutgifter på om lag 1,222 mrd. kroner, som er om lag 147 mill. kroner lågare enn budsjettert. I 2024 var brutto investeringsutgifter på om lag 1,492 mrd. kroner. For meir detaljar om investeringsrekneskapen, sjå kap. 4.

1.3 Måltal


I sak PS- 68/24 «Økonomiplan med handlingsprogram 2025 - 2028 med budsjett for 2025» er det lagt til grunn følgande målsettingar for Møre og Romsdal fylkeskommune i 2025:

- Korrigert netto driftsresultat: målsetting om 3,5 prosent
- Disposisjonsfond: målsetting om 10 prosent
- Korrigert gjeldsgrad: målsetting maksimalt 105 prosent, med eit langsiktig mål om å kome ned på 90 prosent

Korrigert netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter


Korrigert netto driftsresultat (korrigert for bruk av bundne fond) i prosent av driftsinntekter utgjør 6,7 prosent. Dette er 3,2 prosentpoeng høgare enn vedtekte målsetting på 3,5 prosent. Anbefalt netto driftsresultat satt av Teknisk berekningsutval (TBU) er på 4 prosent.

Figur 1: Korrigert netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter



Samanliknar vi korrigert netto driftsresultat i 2025 med dei andre fylkeskommunane, så har Møre og Romsdal fylkeskommune det høgaste driftsresultatet (figur 2). Gjennomsnittet for alle fylkeskommunane utgjer 4,0 prosent.

Figur 2: Korrigert netto driftsresultat (korrigert for bruk av bundne fond) i prosent av driftsinntekter




Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter

Per 31.12.25 var disposisjonsfondet på om lag 756 mill. kroner, dvs. 8,7 prosent av driftsinntekter. Vedteke målsetting er på 10 prosent.

I denne saka foreslår fylkeskommunedirektøren å bruke netto 95,117 mill. kroner frå sentralt disposisjonsfond til å auke rammene i 2026. Dette medfører ein foreslått reduksjon av sentralt disposisjonsfond med 95,117 mill. kroner i 2026.


Fylkeskommunedirektøren forslår også å auke rammene i åra 2027-2029 med til saman netto 36,016 mill. kroner (styrking med 39,704 mill. kroner - trekk av 3,688 mill. kroner). Dette medfører ein foreslått reduksjon av sentralt disposisjonsfond med 36,016 mill. kroner i åra 2027-2029. Totalt foreslått bruk av disposisjonsfond i denne saka utgjer 131,133 mill. kroner (95,117 mill. kroner + 36,016 mill. kroner). Det vart avsett netto om lag 186,8 mill. kroner meir til disposisjonsfond enn budsjettert i 2025.

Figur 3: Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter



Samanliknar vi disposisjonsfondet med dei andre fylkeskommunane, så har Møre og Romsdal fylkeskommune lågast disposisjonsfond.(figur 4). Gjennomsnittet for alle fylkeskommunar utgjer 12,6 prosent.


Figur 4: Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter samanlikna mot andre fylkeskommunar



Gjeldsgrad (korrigert lånegjeld i prosent av driftsinntekter)


Lånegjelda er på 10,119 mrd. kroner per 31.12.25. Korrigert for ekstraordinære inntekter (som ferjeavløysingsmidlar og lån dekt av andre) så gir dette ein gjeldsgrad på om lag 93 prosent per 31. desember 2025. Målsetting er på 105 prosent med eit langsiktig mål om å kome ned på 90 prosent.

Figur 5: Gjeldsgrad (korrigert lånegjeld i prosent av driftsinntekter)



Figur 6 under viser lånegjeld per innbyggjar samanlikna mot andre fylkeskommunar per 31.12.25. Møre og Romsdal fylkeskommune har ei lånegjeld per innbyggjar på 37 136 kroner (tala er ikkje korrigert for ekstraordinære inntekter), som er nest høgast i landet. Gjennomsnittet er på 18 507 kroner.

Figur 6: Lånegjeld per innbyggjar samanlikna mot andre fylkeskommunar



1.4 Rammetilskot, skatteinntekter og andre generelle inntekter

Rammetilskot

Møre og Romsdal fylkeskommune fekk om lag 4,599 mrd. kroner i rammetilskot, inkl. skatteutjamninga i 2025. Dette er om lag 67 mill. kroner lågare enn budsjettert og utgjer ein auke på om lag 438 mill. kroner frå året før. Mindreinntekta skuldast lågare skatteutjamning mot slutten av året enn føresett i budsjettet. Budsjettet var basert på KS sin prognosemodell av 20. oktober 2025. Lågare skatteutjamning har samanheng med skatteinngangen i Møre og Romsdal, sett i samanheng med skatteinngangen i resten av landet.

Skatteinntekter

Inntekt- og formuesskatt utgjorde om lag 2,101 mrd. kroner i 2025. Dette er om lag 51,5 mill. kroner høgare enn budsjettert. Naturressursskatten blir ført under andre generelle driftsinntekter og viser ei meirinntekt på om 380 000 kroner. Totale meirinntekter knytt til skatt utgjør derfor om lag 51,9 mill. kroner i 2025.

Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter utgjorde om lag 64,9 mill. kroner i 2025, som er ein reduksjon på 249 000 kroner samanlikna med budsjett. Andre generelle driftsinntekter består av rentekompensasjonsmidlar knytt til fylkesvegnettet, rentekompensasjonsmidlar knytt til skolebygg, inntekter frå Havbruksfondet og naturressurskatt.

1.5 Netto finansutgifter

Netto finansutgifter viser ei mindreutgift på om lag 18,5 mill. kroner i 2025.

Mindreutgifta skriv seg frå følgande:

- I sum om lag 19,8 mill. kroner netto høgare generelle renteinntekter og avkastning på kapitalfondet enn budsjettert
- Om lag 1,3 mill. kroner høgare renteutgifter enn budsjettert
- 24 000 kroner meir i utbytte enn budsjettert, dette gjeld likvidasjonsutbytte frå Ocean Industry School AS.

Fylkeskommunedirektøren viser til fleire detaljer i Finansrapport per 31.12.25. Finansrapporten er eit kapittel i årsrapporten. Finansrapporten er utarbeidd i tråd med krava i Møre og Romsdal fylkeskommune sitt finansreglement, med følgande hovudkonklusjon:

«Risikoen både på aktiva og passiva forvaltninga er vurdert til å vere moderat. Møre og Romsdal fylkeskommune si finansforvaltning skjer innanfor rammene gitt i gjeldande finansreglement per 31.12.25, jf. sak T-100/21 «Revisjon av reglement for finans- og gjeldsforvaltning», både når det gjeld kortsiktig likviditet, langsiktige finansielle aktiva og gjeldsforvaltning

2.PRINSIPP FOR ØKONOMISTYRING - PRAKTISERING AV ØKONOMIREGLEMENT

Fylkestinget gjorde vedtak om «Revisjon økonomireglement Møre og Romsdal fylkeskommune» i sak 101/23, som tok til å gjelde frå 01.01.24.

Økonomireglementet omtaler vilkår for tilbakeføring av netto mindreforbruk og vilkår ved dekking av netto meirforbruk i hhv. § 25 og § 26. Det er desse vilkåra som ligg til grunn for dei vurderingane som er gjort i denne saka sitt punkt 3.

Rammestyringssystemet inneber i praksis at:

1. Budsjettansvarleg kan omdisponere midlar innanfor vedteken budsjetttramme.
2. Meirforbruk i høve til budsjett må som hovudprinsipp dekkast inn i komande år.
Mindreforbruk i høve til budsjett kan etter ei vurdering bli overført til neste budsjettår.

Med bakgrunn av dette vil ikkje denne saka berre omhandle rekneskap og årsmelding. Saka vil også ta hand om punkt 2 ovanfor, med tilråding til vedtak om inndekking av meirforbruk, eventuelt overføring av mindreforbruk for den enkelte verksemd i fylkeskommunen.

Det blir i denne saka også foreslått å bruke delar av mindreforbruket i 2025 på "Kompetanse- og næringsområdet" og på "Samferdselsområdet" til å dekke tidlegare års meirforbruk som er trekt i rammene i 2027 og 2028.

Generelt i samband med resultatvurderinga

I samband med rekneskapsavslutninga for år 2025 har den enkelte verksemd gjennomført ei resultatevaluering av eiga verksemd med omsyn til økonomisk resultat og aktivitetsresultat. Rapportering på måleindikatorar omtalt i økonomiplan 2025-2028 med budsjett for 2025 har vore ein del av resultatvurderinga for 2025. I tillegg til måleindikatorar har ein ved vurdering av den enkelte verksemda lagt vekt på den eigenevaluering som den enkelte verksemdsleiar har gjort for si verksemd.

Gjennomgang av økonomiske og produksjonsmessige resultat

Denne vurderinga har som føremål å fremje ei tilråding med omsyn til overføring av mindreforbruk og inndekking av meirforbruk.

3.EVALUERING AV RAMMENE I DRIFTSREKNESKAPEN

Vurdering av rammer med mindreforbruk i 2025

På bakgrunn av dei vilkåra som er gitt i økonomireglementet, jf. kap. 2, kan ein forenkla seie at det er ei vurdering av den enkelte verksemd sin faktiske produksjon sett i høve til planlagt produksjon som skal ligge til grunn for ei vurdering av om den enkelte verksemd skal kunne ta med seg sitt mindreforbruk over i 2025. Tabell 3 nedanfor viser tilrådinga til styrking av budsjettramme i 2026, 2027 og 2028 som følge av mindreforbruk i 2025 i den enkelte verksemd/sector etter resultatvurderinga.

Tabell 3: Mindreforbruk foreslått overført til 2026, 2027 og 2028

(i 1000 kroner)			
Fylkestings-/utvals-ramme	Overføring 2 026	Overføring 2 027	Overføring 2 028
Fellesutgifter og fellesinntekter			
Fellesutgifter og fellesinntekter	3 721		
Sum Fellesutgifter og fellesinntekter	3 721		
Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar			
Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar	3 600		
Sum Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar	3 600		
Bygg- og eigedomstenester			
Bygg- og eigedomstenester (vedlikeholdsprosjekt)	3 000		
Bygg- og eigedomsdrift (prosjektleiing Sørsida)	400	400	500
Sum bygg- og eigedomstenester	3 400	400	500

Kompetanse- og næringsområdet			
Atlanten vgs	1 182		
Gjermundnes vgs	1 283		
Haram vgs	2 388		
Herøy vgs	393	257	257
Hustadvika vgs	2 467		
Kristiansund vgs	2 002		
Molde vgs	4 810	1 506	
Rauma vgs	4 396		
Romsdal vgs	2 203	894	894
Stranda vgs	537		
Spjelkavik vgs		651	812
Sunndal vgs	8 513		
Sykkylven vgs		186	590
Tingvoll vgs	1 379		
Volda vgs	2 868	410	410
Ørsta vgs	3 462	1 875	771
Ålesund vgs	1 928	4 105	639
Næringsområdet - forpliktelser 2026	8 400		
Næringsområdet - Tiltaksfondet	3 600		
Næringsområdet - Tiltak for å hjelpe villaksen	1 000		
Sum Kompetanse- og næringsområdet	52 811	9 884	4 373
Kulturområdet			
Drift av Kulturområdet (fylkeskommunen si kunstsamling)	625		
Sal av arkeologiske tenester	982		
Fylkeskommunale verkemiddel	400		
Sum Kulturområdet	2 007		
Samferdselstenester			
Sektor - inndekning tidlegare års meirforbruk	444	444	444
FRAM - inndekning tidlegare års meirforbruk	9 011	9 011	1 958
Fylkesveg - inndekning tidlegare års meirforbruk	8 896	8 896	3 794
Fylkesveg - overføring mindreforbruk	6 997		
Fylkesveg - Trafikktryggingmidlar	1 500		
Samferdselstenester	26 848	18 351	6 196
Politikk og kontrollorgan			
Kontroll og revisjon - Sentrale kontrollorgan	4 000		
Kontroll og revisjon - Ombudsordningane	500		
Sum Politikk og kontrollorgan	4 500		
Totalt	96 887	28 635	11 069

Fylkeskommunedirektøren tilrår ei styrking av budsjetttrammene i 2026 med 96,887 mill. kroner, som følge av mindreforbruket i 2025. I tillegg foreslår fylkeskommunedirektøren at driftsbudsjettet vert styrka med 39,704 mill. kroner i Økonomiplan 2027-2030 der 28,635 mill. kroner gjeld 2027 og 11,069 mill. kroner gjeld 2028. For meir detaljer om rammeområda, sjå årsrapporten under dei enkelte tenestekområda.

Vurdering av verksemdar med meirforbruk i 2025

Verksemdar med netto meirforbruk skal normalt dekke dette ved å redusere neste års budsjett, jf. Økonomireglementet § 26. Det er likevel opna for at fylkestinget kan vedta inndekking over inntil 4 år dersom meirforbruket er særleg stort eller andre særlege tilhøve tilseier det. I tilfelle

med heilt spesielle dokumenterte, uføresette, endra vilkår for drifta som skuldast tilhøve som verksemda ikkje kan rå med, kan fylkestinget gjere vedtak om at eit eventuelt meirforbruk ikkje skal dekkast av verksemda si budsjettramme.

I samband med resultatvurderinga for 2025 rår fylkeskommunedirektøren til at følgande rammer ikkje må dekke inn meirforbruk frå 2025 i 2026:

- Utvalsramme “Politisk verksemd” under fylkestingsramme “Politikk og kontrollorgan”, 743 000 kroner

Følgande meirforbruk blir tilrådd dekt inn ved reduserte budsjettrammer i 2026, 2027, 2028 og 2029.

Tabell 4: Meirforbruk i 2025 foreslått trekt i åra 2026-2029

(i 1000 kr.)

Ramme/Verksemd	Inndekking 2026	Inndekking 2027	Inndekking 2028	Inndekking 2029	Sum inndekking 2026-2029
Borgund vgs	-105				-105
Surnadal vgs	-435				-435
Ulstein vgs	-1 230	-1 230	-1 229	-1 229	-4 918
Sum kompetanse- og næringsområdet	-1 770	-1 230	-1 229	-1 229	-5 458
Totalt	-1 770	-1 230	-1 229	-1 229	-5 458

Fylkeskommunedirektøren tilrår ein reduksjon av budsjettrammene med 1,77 mill. kroner i 2026, som følge av meirforbruk i 2025. I tillegg foreslår fylkeskommunedirektøren at driftsbudsjettet vert redusert med 3,688 mill. kroner i økonomiplan 2027-2030 der 1,23 mill. kroner gjeld 2027, 1,229 mill. kroner gjeld 2028 og 1,229 mill. kroner gjeld 2029.

Fylkeskommunedirektøren foreslår å auke driftsrammene med netto 95,117 mill. kroner i 2026 (styrking med mindreforbruk på 96,887 mill. kroner jf. tabell 3 minus trekk av meirforbruk på 1,77 mill. kroner jf. tabell 4). Sjå årsrapporten, under dei enkelte tenestoområda, for meir detaljer om resultatvurderinga knytt til dei ulike rammeområda.

EVALUERING AV INVESTERINGSREKNESKAPEN

I årsbudsjettet blir større byggeprosjekt ført opp kvar for seg, mens investeringar i fylkesvegar, mindre byggeprosjekt og utstyr som regel blir budsjettet i samlepostar. Investeringsbudsjettet er satt opp som eit eittårig budsjett. Det betyr at ubrukte løyvingar til investeringsformål må søkast overført til neste års budsjett.

Investeringar i varige driftsmidlar blir finansiert ved bruk av lån, momskompensasjon, overføring frå driftsrekneskapen, bruk av investeringsfond samt andre investeringsinntekter.

Investeringane har felles finansiering og ein stor del av investeringane vil bli finansiert ved bruk av lån og momskompensasjon.

I enkelte tilfelle får fylkeskommunen øyremarka investeringsmidlar frå andre. Dette gjeld mellom anna ENOVA-støtte til oppgradering av ferjekaianlegg for batteriferjer. Midlar utbetalt

frå andre som ikkje vert nytta i utbetalingsåret, blir satt av til bundne investeringsfond. Det året investeringa blir gjennomført, blir den heilt eller delvis finansiert ved bruk av fond.

4.1 Samandrag investeringsrekneskapen

Sum investeringsutgifter i 2025 utgjorde om lag 1,222 mrd. kroner mot budsjettert 1,369 mrd. kroner. Dette er om lag 147 mill. kroner lågare enn budsjettert. Investeringsutgiftene er fordelt på følgande måte:

- Aksjar og andelar i selskap på om lag 2,2 mill. kroner (kap. 4.2)
- Utlån av eigne midlar på om lag 372 000 kroner (kap. 4.3)
- Varige driftsmiddel på om lag 1,219 mrd. kroner (kap. 4.4)
- Tilskot til andre sine investeringar på om lag 476 000 kroner (justeringsavtaler mva.)

4.2 Kjøp og sal av aksjar og andelar i selskap

Det vart investert for om lag 2,153 mill. kroner i aksjar og andelar i selskap i 2025. Dette er om lag 53 000 kroner meir enn budsjettert på 2,1 mill. kroner.

Tabell 5: Oversikt rekneskap og budsjett – kjøp av aksjar og andelar i selskap

(i 1000 kroner)			
Selskap	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Saksnr.
Kapitalinnskot KLP	2 153 088	2 100 000	Fylkestinget PS-68/24
Totalt	2 153 088	2 100 000	

Det vart selt aksjar og andelar for om lag om lag 101 000 kroner i 2025, noko som er om lag 399 000 kroner mindre enn budsjettert.

Tabell 6: Oversikt rekneskap og budsjett - sal av aksjar og andelar i selskap

(i 1000 kroner)			
Selskap	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Saksnr.
Fosnporten AS	630	0	
Ocean Industry School AS	100 000	0	Fylkestinget PS-39/24
Tjeldbergodden Utvikling AS	0	499 911	Fylkestinget PS-59/25
Totalt	100 630	499 911	

Fosnporten AS og Ocean Industry School AS vart avvikla i 2024, likvidasjonsutbytte utbetalt i 2025 er bokført som sal av aksjar.

Sal av Tjeldbergodden Utvikling AS vart ikkje gjennomført i 2025, og salet vert derfor foreslått rebudsjettert i 2026.

Selskapet Molde Bærekraftshub AS vart beslutta avvikla gjennom styrt avvikling, og aksjane er skriven ned til kr 0 i rekneskapen i 2025. Selskapet vart formelt sletta i Brønnøysundregisteret 4. februar 2026.

Fylkestinget har i tillegg gjort vedtak i 2024 om sal eller avvikling av følgande selskap, som ikkje er budsjettert og gjennomført per 31.12.25:

- Akvainvest AS - PS-63/24
- Hellesylt Turist- og Beredskapskai AS - PS-91/23

4.3 Utlån av egne midlar

Utlån av egne midlar var på om lag 372 000 kroner i 2025.

I sak T-112/21 «Campus Kristiansund AS – Aksjekjøp og lån» blei det gjort vedtak om å gi eit lån på 2,250 mill. kroner til Campus Kristiansund Drift AS. I sak T-30/24 “Lån til Campus Kristiansund Drift AS” blei det gjort vedtak om å gi eit nytt lån på 3,2 mill. kroner til Campus Kristiansund Drift AS. Påløpne renter på låna blir lagt til lånesaldoen ved kvart årsskifte. Påløpne renter for 2025 utgjorde 372 000 kroner og samla utlån inkl. påløpne renter utgjorde 6,184 mill. kroner per 31. desember 2025.

Låna skal gjerast opp når selskapet sin likviditetssituasjon tilseier det, og seinast innan hhv. 7. november 2031 og 30. august 2034. Selskapet har tapt egenkapitalen og etter ei vurdering er låna skrivne ned til halvparten av saldoen, da selskapet sin situasjon gjer det usikkert om selskapet vil vere i stand til å betene forpliktinga etter avtalen. Bokført verdi etter nedskriving utgjør 3,092 mill. kroner per 31. desember 2025.

4.4 Varige driftsmiddel

Investeringar i varige driftsmiddel utgjorde 1,219 mrd. kroner i 2025, det er om lag 148 mill. kroner mindre enn budsjettert beløp på 1,366 mrd. kroner. Tabellen nedanfor gir ei oversikt over investeringsprosjekt med kolonnar for rekneskapsført beløp i 2025, budsjettert beløp i 2025, avvik mellom budsjett og rekneskap 2025, ubrukt løyving i 2025 som vert søkt overført til 2026, samt behov for tilleggsløyving eller redusert løyving i 2026. I tillegg viser tabellen ubrukt løyving i 2025 som vert søkt overført til 2027. Det blir i denne saka foreslått å rebudsjettere 146,170 mill. kroner, samt å trekke 9,872 mill. kroner (netto 136,298 mill. kroner) i budsjettet for 2026. I tillegg vert det foreslått å rebudsjettere 41,440 mill. kroner i 2027. Sjå tabell 7.

Tabell 7: Oversikt resultatvurdering investeringsrekneskapen

Resultatvurdering av investeringsrekneskapen 2025							
Prosjektnavn	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Avvik	Rebud-sjettert 2026	Ng/ redusert løgving i 2026	Rebud-sjettert 2027	M
Fellesutgifter og fellesinntekter							
Sentrale poster	- 73	0	73	0	0	0	1
Sum Fellesutgifter og fellesinntekter	- 73	-	73	0	0	0	
Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar							
IT	11 315	20 609	9 294	10 777	0	0	2
Sum Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar	11 315	20 609	9 294	10 777	0	0	
Bygg- og eigedomstenester							
Kjøp av eigedom	0	8 850	8 850	8 850	0	0	
Opprusting av bygningsmassen	15 027	20 535	5 508	5 508	0	0	
Solenergianlegg	77	5 600	5 523	5 523	0	0	
Sum Bygg- og eigedomstenester	15 104	34 985	19 881	19 881	0	0	
Kompetanse- og næringsområdet							
Gjermundnes vgs	338	2 052	1 714	1 714	0	0	
Hustadvika vgs	5	692	687	687	0	0	
Hustadvika vgs - marinefag	272	6 292	6 020	6 020	0	0	
Spjelkavik Arena	10 393	14 413	4 020	7 769	0	0	2
Talevarslingsystem alle skoler	354	1 130	776	776	0	0	
Tingvoll vgs	9	968	959	959	0	0	
Ulstein vgs - TPO/adm	11	993	982	982	0	0	
Undervisningsfartøy	1 394	3 031	1 637	1 637	0	0	
Utstyr etter fagfornyinga	11 558	13 260	1 702	3 904	0	0	2
Utstyr/universell utforming/ped.							
Ombygging	10 832	25 628	14 796	13 449	0	0	2
Utstyrskjøp, eiga finansiering	6 296	0	-6 296	0	0	0	1
Videregående skoler i Kristiansund	93	1 197	1 104	1 104	0	0	
Volda vgs - TPO-base	258	111	-147	0	0	0	2
Ørsta kompetanse- og kultursenter	19 471	26 701	7 230	0	0	7 230	
Sum kompetanse- og næringsområdet	61 284	96 468	35 184	39 001	0	7 230	
Fagskolen Møre og Romsdal							
Utstyr Fagskolen Møre og Romsdal	5 044	7 056	2 012	3 532	0	0	2
Sum Fagskolen Møre og Romsdal	5 044	7 056	2 012	3 532	0	0	
Tannhelseområdet							
DTK Sunndalsøra	124	250	126	126	0	0	
DTK Valderøy	5	100	95	95	0	0	
Kompetanseklinikk Kristiansund	909	2 683	1 774	1 774	0	0	
Kompetanseklinikk Molde	93	100	7	7	0	0	
Kompetanseklinikk Søre Sunnmøre	40	100	60	60	0	0	
Tannhelse - utstyr	1 390	4 763	3 373	1 271	0	2 000	
Ålesund kompetanseklinikk	102	0	-102	0	0	0	
Sum Tannhelseområdet	2 663	7 996	5 333	3 333	0	2 000	
Samferdselsområdet							
Bruer	301 332	301 172	-160	0	-160	0	
Bussdepot	41 508	48 338	6 830	6 850	0	0	2
Bypakkar	133 015	143 208	10 193	10 193	0	0	
Ferjekalier	247 787	293 280	45 493	19 633	0	25 660	
Gang- og sykkelveg	38 432	40 480	2 048	0	-1 657	0	2
Investering FRAM	43 198	50 273	7 075	7 075	0	0	2
Investering fylkesvegavdelinga	1 207	0	-1 207	0	0	0	2
Kollektivtiltak	4 512	3 000	-1 512	0	-1 512	0	
Miljø og servicetiltak	3 880	6 134	2 254	2 254	0	0	
Nye store veganlegg	22 869	28 981	6 112	1 225	0	6 550	2
Planlegging og grunnverv	18 171	7 456	-10 715	5 811	0	0	2
Skredsikring	29 213	31 963	2 750	2 750	0	0	1
Trafikktryggingstiltak	16 931	30 486	13 555	13 855	0	0	1
Tunnelar	220 798	214 255	-6 543	0	-6 543	0	
Utbetring veg	375	376	1	0	0	0	
Sum Samferdselsområdet	1 123 228	1 199 402	76 174	69 646	-9 872	32 210	
SUM TOTALT	1 218 565	1 366 516	147 951	146 170	-9 872	41 440	

1. Prosjektet har særskilt finansiering
2. Prosjektet har delvis særskilt finansiering

Dei store avvika på rammene for bygg- og eigedomstenester, kompetanseområdet og samferdselsområdet blir omtalt i pkt. 4.4.1, 4.4.2 og 4.4.3.

4.4.1 Bygg- og eigedomstenester

Det er investert til saman om lag 15,1 mill. kroner i opprusting av bygningsmassen og solenergianlegg i 2025. Prosjekta under Bygg- og eigedomstenesta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 19,9 mill. kroner i 2025. Mindreforbruket skyldast forseinka framdrift på prosjekta. Mykje av midlane er kontraktsfesta og vil bli brukt i 2026. Fylkeskommunedirektøren foreslår som følge av dette å overføre mindreforbruket på 19,9 mill. kroner til 2026.

4.4.2 Kompetanse- og næringsområdet

Det er investert til saman om lag 61,3 mill. kroner knytt til Kompetanse- og næringsområdet i 2025. Prosjekta viser totalt eit netto mindreforbruk på om lag 35,2 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast forseinka framdrift på fleire prosjekt. Nokon av prosjekta har delvis særskilt finansiering. Fylkeskommunedirektøren foreslår som følge av dette å overføre eit samla mindreforbruk på om lag 39 mill. kroner til 2026 og eit mindreforbruk knytt til Ørsta kompetanse- og kultursenter på om lag 7,2 mill. kroner til 2027.

Dei største avvika gjeld:

- Utstyr/universell utforming/ped.ombygging viser eit mindreforbruk på om lag 14,8 mill. kroner, som skuldast periodiseringsavvik mellom 2025 og 2026. Mykje av midlane er kontraktsfesta og vil bli brukt i 2026
- Hustadvika vgs marine fag med om lag 6 mill. kroner da ein ventar på godkjenning av konsesjonssøknad
- Ørsta Kompetanse- og kultursenter med om lag 7,2 mill. kroner. Prosjektet er enno i planleggingsfase, og forseinka i høve til framdriftsplan

4.4.3 Samferdselsområdet

Det er investert om lag til saman 1,123 mrd. på Samferdselsområdet i 2025. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 76,2 mill. kroner. Det samla avviket (mindreforbruk) skuldast i hovudsak periodiseringsavvik, i tillegg til nokre varige meir- og mindreforbruk. Periodiseringsavvika har ulike årsaker, der nokre gjeld forhold som fylkeskommunen som byggherre kan påverke og andre gjeld forhold som ligg utanfor vår kontroll.

Dei største avvika gjeld:

- Endra framdrift på Ytre/utasundspakken: 28,8 mill. kroner
- Auka kostnad knytt til utbetring Selvågtunnelen: 17,8 mill. kroner.
- Endra framdrift for avslutning av Nordøyvegen: 11,5 mill. kroner

Økonomiske og administrative konsekvensar

Fylkeskommunedirektøren foreslår å auke driftsrammene med netto 95,117 mill. kroner i 2026 (styrking med 96,887 mill. kroner - trekk av 1,770 mill. kroner). Dette medfører ein foreslått reduksjon av sentralt disposisjonsfond med 95,117 mill. kroner i 2026.

Fylkeskommunedirektøren forslå også å auke rammene i åra 2027-2029 med til saman netto 36,016 mill. kroner (styrking med 39,704 mill. kroner - trekk av 3,688 mill. kroner). Dette medfører ein foreslått reduksjon av sentralt disposisjonsfond med 36,016 mill. kroner i åra 2027-2029. Totalt foreslått bruk av disposisjonsfond i denne saka utgjer 131,133 mill. kroner (95,117 mill. kroner +36,016 mill. kroner). Det vart avsett netto om lag 186,8 mill. kroner meir til disposisjonsfond enn budsjettert i 2025.

Relevante planar og målsettingar i våre sentrale planverk (Regional planstrategi, fylkesplan)

Sjå rapportering på status fylkesplanmål og resultatmål i årsrapporten for 2025.

Klima og miljø

Sjå klimarekneskap 2025 i årsrapporten samt vedlegg til denne sak kalt klimarekneskap og miljøfyrtårnrapportering 2025.

Folkehelse

Sjå rapportering på status fylkesplanmål og resultatmål i årsrapporten for 2025.

Konklusjon

Sjå omtale under avsnittet økonomiske og administrative konsekvensar.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Kvalitetsarbeid, internkontroll og revisjon - rapport 2025